



**USKEDAL HELSELAG
LAGSMØTE**

**I GAMLESKULEN
TYSDAG 06.02.2018
KL. 19.00**

**Korleis er det med hjartestartarar i bygda?
Kva kan vi om hjarte-lunge redning?**

**Dette og meir til vil Brattetveit frå
Hjertevakten snakka om.**

**Vi håpar at mange – også ikkje medlemmer finn
vegen til Gamleskulen denne kvelden.**

**Enkel servering.
Vel møtt!**

Styret

Invitasjon til ope møte om hjarte- og lungeredning og om bruken av hjartestartar.

Tysdag om ei veke, tysdag 6. februar kl. 19, inviterer Uskedal helselag til ope møte om bruk av hjartestartar. Heile 15000 personar vert utsett for hjarteinfarkt årleg. Mellom 3000 og 5000 får hjartestans. Berre 10 % overlever om ein ikkje får hjelp straks på plassen. Ved bruk av hjartestartar overlever nær på 70 %.

Helselaget har invitert Sigurd Brattetveit frå Hjertevakten. Brattetveit bur på Løfallstrand og har over lang tid arbeidd innan helseførebyggjande teneste. På møte vil han informera om bruk av hjartestartarar og kva som må til av kursing og opplæring. Heile 2 av 3 dødsfall på ein arbeidsplass skuldast hjartestans.

I dag finn du hjartestartar utplassert på Hagetunet, Aktivitetshuset og i Brannstasjonen. Brannmeister, Kjell Tungesvik fortel, at for to år sidan fekk branntroppen utstyr, ein pakke frå Norsk luftsambulanse med utstyr og opplæring. Nokre av mannskapet i branntroppen har grundig opplæring. Andre har fått ei intern opplæring. Alle skal kunna bruka utstyret. Ein hjartestartar i si tid på Eidsvik skipsbyggeri er ute av drift.

I Aktivitetshuset er hjartestartaren montert i inngangspriet til venstre. Bakgrunnen for helselaget sitt arbeid med denne saka, er at ein ynskjer hjartestartar plassert sentralt i bygda, gjerne på SPAR eller ved Gamleskulen.

Helselaget vonar på godt frammøte neste tysdag. Det er ei aktuell sak som vil engasjera mange.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal